

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2184 - 18/34810

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
16.11.2018

## Helseverngodkjenning av Grasdal skule

Grasdal skule vart bygd i 1987. Skulen vart utbygd i 2000 og utbygd og rehabilitert i 2017. I samband med utbygging og rehabilitering søkjar Grasdal skule om godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* for 188 elevar.

### ➤ Saksutgreiing

Grasdal skule vart ferdigstilt etter utbygging og rehabilitering hausten 2017. Miljøretta helsevern har minna på skulen om å søkje ny godkjenning etter "*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*"

Den 7.11.18 mottok Miljøretta helsevern utfylt søknadsskjema med vedlegg. Søknadsskjema var datert 22.10.18. (Ref. 14/2184 – 18/33678).

Tilsyn for å vurdere om det var grunnlag for å utstede helseverngodkjenning etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* (forskrifta) vart utført den 12.11.18.

På tilsynet møtte: Irene H. Hugaas (rektor), Merete Lillefosse (verneombod), Paal Tønning (leiar for drift og vedlikehald), Ronny Landaas (prosjektleiar nybygg), Erik Johannesen (bygg- og eigedomsforvaltar), Arild Hestdal (vaktmeister) og Grethe Elin Mjelde (teknisk-hygienisk ingeniør v/miljøretta helsevern).

Det er 167 elevar ved skulen i 2018, og 31 tilsette. Skulen er berekna for ca. 188 elevar i fylgje opplysningar i søknadsskjema.

### • **Heimel**

---

**Post**  
postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**  
www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

**Folkehelseloven, kap. 3** og **Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2073).

*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. trådte i kraft 1.1.1996.*

**§ 6; Krav om godkjenning:** Virksomheter som omfattes av forskriften, jf. § 2, skal være godkjent av kommunen.

## ➤ Oppsummering og vurdering

For at skulen skal kunne godkjennast etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*, skal alle krav i forskrifta vere oppfylt. Det er ikkje høve til å gje midlertidig godkjenning eller godkjenning på vilkår.

### Definisjonar:

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

**Merknad:** Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

### Vurdering - Syner til vedlegg 1 «Gjennomgang og vurdering».

- **Det vart funne 0 avvik og 7 merknadar.**

Ved gjennomgang av dokumenter i saka samt synfaring, vurderer Miljøretta helsevern at Grasdal skule oppfyller vilkåra for godkjenning.

#### - **Merknadar:**

- § 9; Trafikktryggleik: Bom/fysisk sperre bør monterast for å skjerme skuleplassen.
- § 11; Måltid: Rutine for kontroll av temperatur på kjøøl/frys må utarbeidast.
- § 19; Inneklima;
  - Kjøkkenventilatorar bør ha betre sugeeffekt, ev. vurdere anna løysning.
  - Radonmåling bør utførast og ev. tiltak settast i verk ved avvik.
- § 23; Sanitære forhold
  - Montere skåldesperre på vasskraner for dei minste borna (1. og 2. klasse).
  - Toalett som har fugar som lukter urin, må utbetrast.
  - Garderobar/dusj er av eldre dato og bør vurderast oppgradert. Skadar må utbetrast.

Utbetring av merknadar bør utførast, ev. bør merknadar setjas inn i ei handlingsplan.

Miljøretta helsevern ynskjer tilbakemelding på merknadar innan **01.02.19**.

## ➤ Delegert vedtak

**Grasdalen skule godkjennast med heimel i § 6 i Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. for inntil 188 elevar.**

Godkjenning er gitt med bakgrunn i gjennomgang av internkontroll, samt synfaring på skulens inne- og uteområde.

Ved vesentlege endringar i drift eller bygningsmessige forhold, skal det på førehand søkast om godkjenning. Ved tvil kan man ta kontakt med Miljøretta helsevern.

Med helsing

Tord Moltumyr  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Om klage over vedtak:**

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6* og *Lov om folkehelsearbeid § 19*. Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern (Lindås kommune). Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

**Vedlegg 1:** Gjennomgang og vurdering

**Vedlegg 2:** Skisse av uteområdet

Lenk til forskrift og rettleiing:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

#### **Kopi til:**

Anny Bastesen  
Arild Hestdal  
Erik Knag Johannesen  
Martin W Kulild  
Meland kommune Grasdalen skule  
Merete Lillefosse  
Paal Tonning  
Ronny Landaas